

**Sakshandsamar:**

Torbjørn Hasund  
E-post: torbjorn.hasund@sfj.no  
Tlf.: 93004685  
Merete Farstad - vassforvaltning

**Vår ref.**

Sak nr.: 19/1101-3  
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

**Dykkar ref.****Dato**

LEIKANGER, 26.03.2019

NVE Region Vest  
Naustdalsvegen 1B  
6800 FØRDE

## Svar - Høring av søknad om uttak av vatn frå Mjømnevatnet og Randalsvatnet i Gulen kommune.

Vi viser til oversending dagsett 08.02.2019. Vi seier oss leie for seint svar.

### Vassforvaltning

Mjømnevatnet og Randalsvatnet og har miljømålet *god økologisk tilstand*. Begge innsjøane er påverka av sur nedbør (middels grad).

[Mjømnevatnet \(vassførekomst 068-25939-L\)](#) har i dag moderat økologisk tilstand. Randalsvatnet tilhøyrer vassførekomst [Sandøyna vest 068-43-R](#). Vassførekomsten har svært dårleg tilstand på bakgrunn av tilstanden av påvekstalar (låg forsøringsindeks - AIP). I søknaden er det vist til at AIP verdien for Randalsvassdrahet er svært god. Her er det eit stort sprik i datagrunnlaget.

Det er påvist moderat tilstand for botndyrsamfunnet (ASPT - verdi) i vassførekomst Sandøyna vest og moderat tilstand for fosforinnhald i Mjømnevatnet (kjelde vann-nett). Vi kan ikkje sjå nokon vurdering om vassuttaket vil endre desse påverknadane, og om inngrepet kan føre til ein nedklassifisering av vassførekomstane.

I søknaden er det opplyst om at Mjømnevatnet i dag er regulert opp 2 meter og om at det i dag ikkje er nokon slepp av minstevassføring. Denne påverknaden ser ikkje ut til å liggje inne i vann-nett i dag. Vatnet er drikkevasskjelde til nokre hytter i området.

Ovanfor anadrom strekning vart det berre funne ein fisk i inn- og utløpselva til Mjømnevatnet. På anadrom strekning vart det funne aureyngel og observert ål. Betre gyte – og oppvekstforhold for aure er funne i inn- og utløpsbekker til Randalsvatnet. Ål kan gå opp i begge vassdraga. Begge elvane har potensiale for gyting og oppvekst av noko sjøaure nedst i vassdraga. Rådgivende Biologer vurderer at slepp av minstevassføring tilsvarande alminneleg lågvassføring til dei to utløpeselvane vil avdempe dei negative verknadane og er tilstrekkeleg for å sikre opp- og nedvandring av ål.

Det er kulpar nedstrøms Randalsvatnet der slepp av minstevassføring tilsvarande alminneleg lågvassføring er rekna som tilstrekkeleg for fisk. Vi kan ikkje sjå at det ligg føre ei vurdering av korleis innlandsfisken i Randalsvatnet /-vassdraget vert påverka av vassuttaket og reguleringa. Eventuelle vilkår for vassuttaket frå Randalsvatnet bør vere regulert slik at også innlandsfisken vert teken vare på, dvs. ikkje vert nedklassifisert i høve vassforskrifta.

Før eit ev. løyve vert gjeve bør NVE vurdere om søknaden bør vurderast etter § 12 i vassforskrifta. Dette er ikkje vurdert i søknaden. Vassforskrifta opnar ikkje for at det kan gjennomførast tiltak som gjer at tilstanden vert dårlegare, med mindre det kan vere grunnlag for unntak i tråd med § 12. Klima- og miljødepartementet har utarbeid ei [retteleing](#) for korleis offentlege mynde skal vurdere ny aktivitet eller nye inngrep i vassførekomstar.

Vi viser og til forskrift for konsekvensutgreiingar for planar etter plan- og bygningslova vedlegg IV b) der det står at konsekvensutgreiinga skal gje ein omtale av og vurdering av verknadane planen har

for miljø og samfunn under her m.a. *vannmiljøet jf. relevante bestemmelser i vannforskriften*. Vi kan ikke sjå at dette tema er utgreidd med vurdering av tilstandsklasser og om inngrepet vil nedklassifisere tilstanden.

Med helsing

Torbjørn Hasund  
Rådgjevar

Merete Farstad  
seniorrådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*

Kopi til:  
Fylkesmannen i Vestland